Dommarkurs i Ørsta 19-20. oktober

Vil du lære meir om friidrettsreglane? Vil du følge opp betre barnet ditt på friidrett? Då er **kretsdommarkurs** midt i blinken for deg.

Ørsta IL friidrett saman med dommarutvalet i Norsk Friidrett Møre og Romsdal byr inn til dommarkurs i friidrett. Kurset vert på klubbhuset til Ørsta IL.

Kursstart vert kvelden **fredag 19. oktober og** på dagtid **laurdag 20. oktober**.

På dommarkurset får du god innsikt i reglane med tanke på oppgåver som funksjonær på stemne, som trenar eller utøvar.

Etter dommarkurset har du eit godt grunnlag til å kunne følgje opp eigne og andre sine barn på friidrett. Du treng ikkje forkunnskap for å melde deg på kretsdommarkurset. Etter kurset tek du prøve for å bli kretsdommaraspirant. Ferdig utdanna dommarar kan delta på kurset for å friske opp dommarkunnskapen.

Påmeldingsfrist er 11. oktober. – til olve.oyehaug@gmail.com

Olve Øyehaug
Leiar Ørsta IL friidrett
98600148